

## REFERAT OMRÅDEUTVALGET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

<b>Tid</b>	Fredag 26. januar 2024, kl 09:00 – 12:00
<b>Stad</b>	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
<b>Tilstades:</b>	<p><b>Arbeidstakarorganisasjon:</b>  <b>Brukarrepresentant:</b> Evy Knutsen (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta),  <b>Hovudtillitsvalt:</b> Liv Berit Haukaas (HTV Fagforbundet), Trond Larsen (HVT Fagforbundet)  <b>Kommunane:</b>                      Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Mona Molland (Gulen kommune) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim),  <b>Kommuneoverlegerepresentant:</b> Anita Sørtveit (kommuneoverlege Osterøy - vara for Terese Folgerø - kommuneoverlegerepresentant Nordhordland)  <b>Fastlegerepresentant:</b> Grete Wold (fastlegerepresentant Nordhordland)  <b>Helse Bergen:</b> Grete Lill Hjartnes, Gro Fanebust, Alf Henrik Andreassen (via teams)  <b>Haraldsplass:</b> Rebekka Ljosland, Åse Therese Nordstrønen,  <b>Sekretariat:</b> Elena Sandgathe, Kathrin Sætren Omland  <b>Observatør:</b> Anita Bjørsvik Kvamme (RNI),</p>
<b>Fråfall:</b>	Jostein Dale (brukarrepresentant frå kommunane i Nordhordland), Maria Vollsæter (HB), Annika Tvedt Villanger (Fedje), Terese Folgerø (kommuneoverlegerepresentant Nordhordland).
<b>Møteleiar</b>	Oddvin Neset
<b>Referent:</b>	Elena Sandgathe og Kathrin Sætren Omland

Nr.	Saker	Sakstype
1/24	<p><b>Godkjenning av innkalling og referat - 10.november.23</b></p> <p>Ingen merknadar til innkallinga.</p> <p>Referat godkjennast med følgende merknad:</p> <p>Merknad til sak 33/23 - Prosjekt Barne- og unges helsetenesten HABU – <i>Kva vart vedteke på fellesmøte kommuneoverlegar og kommunalsjefar 01.12.23? (sjå vedlegg)</i></p>	D/V
2/24	<b>Orientering frå SSU</b>	O



	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Referat frå SSU-møtet 30.11.23 v/ Rebekka Ljosland</li> <li>- Løypemelding strategi v/Rebekka Ljosland</li> <li>-</li> </ul> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p> <p><b>Innspel frå Områdeutvalet på Strategi:</b></p> <p>Under avsnitt <b>“Rekruttering og bemanning”</b>: <i>«Helsefelleskapet skal oppretta stillingar der vi deler helsepersonell på tvers av kommune- og spesialisthelsetenesta.»</i></p> <p>Områdeutvalet Nordhordland meina at målet med punktet er å motivere og oppmuntre til å utforske moglegheita for delte stillingar i Helsefelleskapet.</p> <p>Områdeutvalet spelar derfor inn fylgjande omformulering på dette punktet: <i>“Helsefelleskapet skal sjå etter moglegheiter for å dele helsepersonell på tvers av kommune og spesialisthelsetenesta.”</i></p> <p>Innspel meldast innan tidsfrist.</p>	
3/24	<p><b>Bli kjent med arbeidsfeltet til medlemmane i OU NH:</b> Fagforbundet v/ Liv Berit Haukaas og Trond Larsen.</p> <p>Presentasjon PP (vedlegg)</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>	O
4/24	<p><b>Pasientreiser Osterøy kommune</b> v/Anita Sørtveit</p> <p>Pasientreiser ved Anne-Mari Høiland og Arnfinn Asbjørnsen deltok via teams.</p> <p><b>Drøfting:</b></p> <p>Med utgangspunkt i saka der Pasientreiser ikkje har avtale om pasienttransport i Osterøy kommune frå kl 18.00 - 06.00 alle dagar:</p> <p>Helse Bergen har avtale om pasientreiser overalt innanfor føretaksområdet, men det er noko redusert på Osterøy då dei ikkje har tilbod mellom kl. 18.00 og 06.00. Pasientreiser viser til Lov om offentlege anskaffingar (anskaffelsesloven), som regulerer innkjøp. Sjukehusinnkjøp HF regulerer dette og sikrar godkjente tilbod. Dei fekk berre på plass avtale for 12 timar i døgeret i Osterøy kommune på siste anbodsrunde. Innbyggarane i Osterøy får pasientreiser heim til kommunen heile døgnet, men ikkje ut av kommunen frå kl. 18.00 til 06.00 – til dømes til HUS, HDS eller Nordhordland legevakt. I løpet av 2024 vil det bli utlyst nytt anbod - offentlig anskaffing for pasientreiser i Osterøy. Det er ynskje om å få på plass døgnreiser. Fedje fekk ny avtale frå 01. februar 2024. Ein er prisgitt godkjente tilbod og oppfylte krav til konkurransen som pris, infrastruktur og avstandar.</p>	O/D



	<p>Det er dyrt for drosjenæringa å ha døgndrift, spesielt med dei store avstandane som varierer frå område til område.</p> <p>Kostnadane i Helse Bergen sitt føretaksområde ligg 30% over landsgjennomsnittet.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p><u>Uttale frå Områdeutvalet i Nordhordland:</u></p> <p>Områdeutvalet i Nordhordland er uroa over at ikkje alle har lik tilgang til rekvirert drosjetransport til lege eller sjukehus. Områdeutvalet meiner det er forskjellsbehandling, og ein uheldig konsekvens av reglane for transport av pasientar til naudsynte helsetenester. Områdeutvalet i Nordhordland oppmodar SSU til å setje saka på dagsorden.</p>	
5/24	<p><b>Avvik og læring</b> mellom spesialisthelsetenesta og kommunane.</p> <p>Områdeutvalet Nordhordland takkar for orientering.</p> <p>HDS /HUS kjem med ein invitasjon til kommunalsjefane HO i Nordhordland til eit fora å samle seg. Dei ynskje at kommunalsjefane er med i oppstart for å sette rammene.</p> <p><b>Vedtak:</b> OU Nordhordland ønskjer å prøve ut ein digital samhandlingsarena på tvers av kommunar og sjukehus der samhandlingsavvik og samhandling er tema. Representantar frå kommunar og sjukehus tek eit felles ansvar for møteinnkallingar og dagsorden.</p>	O/D/V
6/24	<p><b>Pakkeforløp hjem kreft</b> - status – v/Grete Lill Hjartnes</p> <p>Områdeutvalet Nordhordland takkar for orientering.</p> <p><b>Vedtak:</b> Områdeutvalet for Nordhordland vedtek vedlagt skisse og tilhøyrande dokument for Pakkeforløp hjem kreft.</p>	O/D/V
7/24	<p><b>Samhandling mellom sjukehuslegar og sjukeheimslegar</b> - erfaringsdeling - master presentasjon – v/Elfrid Nerland Haukenes, fastlege og praksiskonsulent.</p> <p>Vedlagt PP presentasjon.</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>	O/D
8/24	<p><b>Løypemelding prosjekt Digitalisamskonsultasjon og heimeoppfølging av kronisk sjuke</b> v/Anita B Kvamme</p> <p>Vedlagt PP presentasjon.</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>	O
9/24	<p><b>Oppdatering av felles retningsliner for elektroniske meldingsutveksling tilhøyrande tenesteavtale 3 og 5 somatikk</b> – v/Grete Lill Hjartnes</p>	O/D/V



	<p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p> <p><b>Vedtak:</b> Områdeutvalet for Nordhordland støtter forslag til tilnærming i arbeidet med å oppdatere felles retningsline for elektronisk meldingsutveksling knytt til Tenesteavtale 3 og 5, somatikk. Områdeutvalet for Nordhordland ber kommunane melde inn ein representant innan 15 februar til den hurtigarbeidande arbeidsgruppa.</p> <p>Nordhordlands kommunane kjem tilbake med namn etter kommunalsjefmøte 9.februar-24</p>	
	<b>Lunch</b>	
10/24	<p><b>Orientering frå partane/representantane:</b></p> <p>- Status ØHD tilbodet i kommunane i Nordhordland – runde rundt bordet:</p> <p>Leiar av Områdeutvalet Nordhordland Oddvin Neset innleia ved å gå gjennom “Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp...” - (vedlegg).</p> <p>Alle kommunane i Nordhordland har lokalisert sitt ØHD tilbod til sjukeheim. Det er ulik praksis i når det gjeld faste, avsette senger til ØHD pasientar eller kombisenger der ØHD inngår som ein del av korttidssengene. Alle kommunane følger rutinebeskrivelsen i «Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp...», og nokon har laga meir detaljerte rutinar. Kommunane i Nordhordland har få innleggingar gjennom året. For dei minste kommunane er det i periodar utfordrande å ha fagkompetanse til å følge opp ØHD pasientar gjennom heile døgeret.</p> <p><b>Innspel frå HB og HDS:</b></p> <p>Kjenner på uro rundt tema og bruk av ØHD senger utifrå eit nasjonalt perspektiv. Spesialisthelsetenesta ser ein stor gevinst i å ha eit godt ØHD samarbeid med kommunane, for å unngå unødvendig innleggingar på sjukehus for sårbare pasientgrupper.</p> <p>Det er ynskje om at dette tema blir ein <b>oppfølgingssak</b>.</p> <p>-----</p> <p><b>HDS:</b> ØHD-nettverket, som er samarbeidet mellom sjukehus og kommunar innanfor ØHD, planlegg eit <b>fagseminar</b> i september. Dei ønskjer å invitere kommunane i NH, og invitasjon vil kome.</p> <p><b>Helse Bergen:</b> Grete Lill og Randi Luise ynskjer å reise ut til kvar kommune i Nordhordland på besøk. Dei har sett av 11.april, 6.juni og 18.juni til dette. Dei vil kontakte kvar kommune for å avtale tid.</p>	O
11/24	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>– Samhandlingsseminaret 12.12.23 - Helse Bergen - (vedlegg)</p>	

